



Ann-Sofie Bjøkne  
Sørflåtveien 76  
4018 STAVANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6697 - 16/1116

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.01.2016

## Utsleppsløyve for fritidsbustad - 85/24 Kvalvåg.

**Administrativt vedtak. Saknr: 031/16**

**Tiltakshavar/søkjar: Ann- Sofie Bjøkne**

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med søknad om riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny på gbnr 85/24. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac med etterpolering før det reinsa avlaupsvatnet vert ført i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.

Avlaupsreinseanlegget sin dimensjonerte storleik er oppgitt til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.10.2015 med tilleggskommunikasjon mottatt 22.12.2015.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Det er gitt dispensasjon frå arealføremålet for omsøkte tiltak i vedtak datert 16.06.2015, saknr.249/15.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla som del av byggjesaka. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 25.08.2015, jf tilleggskommunikasjon mottatt 22.12.2015.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Serviceavtale ligg føre.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avlaupsleidningen frå reinseanlegget og fram til bekk kryssar kommunal veg og eigedomen gbnr 85/5.

Det ligg føre graveløyve i offentleg veg datert 04.01.2016.

Det er ikkje dokumentert løyve til å leggja avlaupsleidningen over privat grunn.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve er i samsvar med gjeldande krav, og kan etter kommunen si vurdering godkjennast på vilkår av at avlaupet frå reinseanlegget vert ført til etterpoleringskum før det vert ført vidare i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.

Avlaupsleidningen fram til utsleppsstaden går over eigedomen gbnr 85/5. Utsleppsløyvet vert gitt på vilkår av at det vert dokumentert rett til å leggja anlegget på privat grunn. Grunneigarerklæringa bør utformast slik at ho kan tinglysast.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Tiltaket krev løyve etter reglane i plan- og bygningslova. Det er søkt om løyve til oppføring av fritidsbustad og tilhøyrande anlegg. Etablering av avlaupsanlegget vert handsama som del av denne søknaden.

Byggjeløyve vert gitt når det er dokumentert rett til å føra avlaupsvatnet til bekk på gbnr 85/5. Etablering av avlaupsanlegget kan ikkje ta til før naudsynt løyve etter pbl ligg føre.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for hytte på gbnr 85/24 på følgjande vilkår:**

- 1. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac med etterpoleringskum, før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.**
- 2. Anlegget skal plasserast slik vist på situasjonskart mottatt 25.08.2015, jf tilleggskommunikasjon mottatt 22.12.2015 .**
- 3. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

- 4. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova. Søknaden vert handsama når det er dokumentert rett til å føra avlaupsvatnet frå anlegget til bekk på gbnr 85/5. Naudsynt byggjeløyve må liggja føre før arbeidet med etablering av anlegget vert sett i gang.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### *Ansvar*

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

### *Bortfall av løyve*

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etabler utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

### *Ferdigstilling*

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

### *Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på*

utført sørvis og vedlikehold. Eigar av anlegget må dekkja kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

#### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

<b>Kode</b>	<b>Skildring</b>	<b>Tal</b>	<b>Sum</b>
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		<b>Kr 5 600,-</b>

#### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6697

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Kaland Trelast

#### **Mottakarar:**

Ann-Sofie Bjøkne

Sørflåtveien 76 4018

STAVANGER